



SIM

Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Ekstrautgåve for hytteeigarar

Mars 2014 Årgang 21



Velkommen til ny hyttesesong

Rett frå dunken

Abonnement for utleiehytter

Alle som eig hytte i ein av SIM sine eigarkommunar må vera med i den kommunale hytterenasjonsordninga. Alle *utleiehytter* er å rekna som heilårshus og skal ha renovasjonsordning tilsvarande heilårshus. Det har kommunestyret i alle SIM sine eigarkommunar vedteke.

Eigarar av utleiehytter kan kontakta SIM for å få ordna abonnementet, tlf. 53 45 78 50. Gebyroversikt finn du på www.sim.as

Skal opphaldet på hytta bli triveleg, må renovasjonsordninga fungera. Vår oppgåve er å leggja til rette for at du og dei andre hyttebrukarane i regionen vert kvitt avfallet på ein miljømessig god måte.

Dette bladet vert sendt til alle som eig hytte i ein

av "SIM-kommunane". Meininga er å informera om SIM si hytterenasjonsordning, slik at alle abonnentar veit kva dei betalar for og kva for servicenivå dei kan forventa. Ordninga består av hyttekonteinrar, miljøsentralar og returpunkt for glas- og metallemballasje. Berre dei som betalar hytteabonnement har lov til å bruka konteinrane.

Ryddeaksjonar våren 2014

SIM arrangerer kvart år ryddeaksjon på øyar som ikkje har vegsamband til miljøsentral. Både fastbuande og hyttebrukarar kan levera avfall og det er kostnadsfritt å levera. SIM stiller mannskap og utstyr.

Ryddeaksjonane finn stad til desse tidene:

Fjelberg/Borgundøy:

Laurdag 5. april kl. 1030 - 1330

Snilstveitsøy :

Laurdag 5. april 10.00–13.00

Varaldsøy:

Laurdag 26. april 10.00–13.00

Huglo:

Laurdag 26. april 09.30–12.00

Espevær:

Laurdag 3. mai 10.00–13.00

Møkster/Lunnøy/Littlakalsøy:

Laurdag 10. mai 14.00–17.00

Slamtømming for hytter

I 2014 vert det slamtømming for hytteabonnentar i Fitjar, Kvinnherad, Stord og Tysnes. Abonnentane får tilsendt informasjonsblad i god tid før tømming. Ein god del av tømmingane vil vera utførte når dette vert lest. Spørsmål kan rettast til Svein Klungtveit AS, som tømmer slam for SIM. Telefon **52 79 29 70** eller **982 35 151**.

Kompostjord og plenblanding



Kompostjord og plenblanding kan kjøpast på SIM sine miljøsentralar året rundt. Produkta er populære som jordforbetningsmiddel og i blomebed. Prisen er den same i år som i fjor; kr 150 for ein liten tilhengjar og kr 300 per tonn for større mengder. I Svartasmoget, Heiane og på Husnes kan du få hjelp til å lasta molda på tilhengjaren (kr 75 i tillegg). Ved dei andre miljøsentralane må du lasta sjølv. I Svartasmoget kan ein kjøpa større mengder.

Miljøsentral for alle



SIM sine miljøsentralar har mykje besøk, særleg no om våren.

SIM har miljøsentral i alle eigarkommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Ein står fritt til å bruka den sentralen som høver best. Farleg avfall og kasserte elektriske- og elektroniske produkt (EE-avfall) skal ikkje kastast i hyttekonteinarene, men leverast til miljøsentralen.

Plastsortering og tekstilsortering

Hyttebrukarar som ynskjer å sortera ut plastemballasje eller tekstilar/klede kan få sekker til å samla i. Plastemballasjen og tekstilane/kleda kan leverast kostnadsfritt på miljøsentralane.

Miljøfarleg avfall

Mange har ståande målingsrestar, olje, lim, lakk og andre produkt som kan skada miljøet. Når slikt avfall ein gong skal kastast, er det berre ein rett plass: Miljøsentralen. Alt farleg avfall som vert levert inn på miljøsentralen vert teke hand om på

forsvarleg vis; anten ved at det vert til råstoff i nye produkt eller lagra på forskriftsmessig måte.

Døme på farleg avfall:

- Måling, lim og lakk
- Sprayboksar
- Spillolje
- Reingjeringsmiddel
- PCB-vindaug (produsert 1965 - 1975)
- Klorparafin- vindaug (1976 - 1990)
- Trykkimpregnert materiale

Døme på EE-avfall:

- Mobiltelefonar
- Lysstoffrøyr, sparepærer
- Oppladbare batteri og knappceller batteri
- Leiker som blinkar eller bråkar

Er du usikker på korleis du skal sortera kan du lesa meir på SIM sin nettstad www.sim.as. Du er og velkommen til å ta kontakt på telefon 53 45 78 50



Viktig om hytterrenovasjonen

Driftsleiar Kjell Egil Hollund i SIM svarar på fire spørsmål om hytterrenovasjonen.

– Kva er det som avgjer plasseringa av hyttekonteinarane?

– Me støttar oss på tilbakemeldingar frå hyttebrukarane. Vårt inntrykk er at dei fleste synest ordninga er grei dersom det står ein konteinar på veg til eller frå butikk/ferje eller andre servicetilbod.

– Har hytterrenovasjonen rett pris?

– SIM arbeider for å ha best mogeleg renovasjonsordning til rettast mogeleg pris. Hytterrenovasjon er ei utfordring, all den tid bruken av hyttekonteinarane varierer mykje gjennom året. Me kunne ha plassert ut fleire konteinarar, og då hadde hytterrenovasjonen blitt dyrare.

I staden har me valt å ha litt færre konteinarar og heller ta toppane ved å tømme dobbelt så ofte i sommarhalvåret som elles.

– Kvifor har konteinarane så små innkastluker?

– Det er fordi dei ikkje skal bli misbrukte av folk som vil kvitta seg med grovavfall. Hadde me hatt "opne" konteinarar, ville dei blitt fylt opp med ein gong og det hadde ikkje vore plass til hyttebrukarane sitt avfall.

– Finst det andre ordningar enn standard hytterrenovasjon?

– Ja, dei som ynsker det kan få ein "hyttedunk" med grønt lok hos oss. Denne må i så fall plasserast ut på stader, og når, det er tømning av restavfall for fastbuande. Hyttteeigarar kan òg få dunkar til å sortera i, slik fastbuande har, men må då betala gebyr som for heilårsbustad.

Bruk returpunkta for glas- og metallemballasje

Kast ikkje glas- og metallemballasje i hyttekonteinarane, men lever det til eit av våre returpunkt for slikt avfall, eller til miljøsentralen. Då er du med og gir emballasjen "nytt liv". Resirkulert glas- og metallemballasje blir til råstoff i mange produkt.

Returpunkta finn du på sentrale stader kringom i kommunane. Sjå oversikt på www.sim.as.

NB! Berre glas- og metallemballasje som det har vore mat eller drikke i kan kastast i returpunkta.

Døme er syltetøyglas, vinflasker og hermetikkboksar. Porselen, keramikk, lyspærer, vindaugsruter og målingsspann skal *ikkje* i returpunkta, men leverast på miljøsentralen.



Her finn du hyttekonteinarane

Austevoll

- Hufthamar
- Kvaløy v/bru Spissøy
- Kalve (Stora Kalsøy)
- Skår (Hundvåkøy)
- Bjånes
- Eido
- Kryss avkøyring Selvågen/Nordeid
- Kolbeinsvik kryss v/lager vegstellet
- Selbjørnsbrua v/kraftlaget
- Gauksheim
- Stolmabrua rasteplass
- Birkelandskryss
- Stolmen kyrkje
- Stolmen – båthamn Sørvikjø
- Vik-kryss (nordsida)
- Blånesvegen v/busstogg
- Veikryss Beinskrokjen/Busnesund
- Kolbeinshavn kryss
- Kryss Rostøy v/bru
- Husavik ferjekai

Bømlo

- Langevåg Kåso
- Lykling
- v/kryss Djupadalen
- Bærøy
- Finnås
- Moster v/banken
- Gassasundet Spissøy
- Hollundsaldalen v/miljøsentralen
- Urangsvåg kai
- Bjørdledalen v/busstogg
- Aga – kryss v/Rolfsnesveg
- Rotatjørno mellom Altsvåg og Svortland
- v/Klubbasbrua

Fitjar

- Dåfjorden – Lønevåg
- Kuarvågen v/båthamn Kolø
- Helland
- Kråko
- Kalveid v/båthamn
- Fitjar sentrum på kaien
- Havn v/båthamn
- Sandvikvåg ferjekai
- Hageberg skule

Kvinnerød

- Vestervik v/tunnel
- Stussvik v/vegkryss
- Hammarhaug – hyttefelt
- Vikane – veg mot Håvik
- Ølve v/kryss til Skarvasete
- Gjermundshamn v/venterom
- Gjermundshamn v/butikk
- Vårldsøy v/kai
- Gjetningsdal/Jondalstunnelen
- Ænes campingplass
- Ænes 1 km sør for Fureberg-tunnelen
- Årsnes ferjekai
- Nestli sør
- Dimmelsvik v/gamleposten
- Blådalen v/vegkryss til Matre
- Matre ferjekai
- Matre v/kryss indre Matre
- Åkra – vekryss mot Haugstøl/Skromme
- Uskedal v/gamleskulen
- Herøysund v/butikk
- Husnes v/Statoil
- Valen (parkeringsplassen ved kyrkja)
- Utåker/Holmedal kryss riksveg
- Sydnæs ferjekai

- Toftevågen
- Sæbøvik v/aldersheim
- Høylandsbygd v/båthamn
- Ranavik ferjekai
- Arnavik
- Borgundøy

Stord


- Studalen v/Kiwi
- Fjellgardane
- Avkjørsel til flyplass Stokken
- Dåfjorden v/hyttefelt
- Heiane v/miljøsentralen
- Huglo kai
- Huglo ved skulen

Sveio

- Valevåg
- Tittelsnes (2 stk.)
- Holsvika/Buavika
- Økland
- Vihovda
- Liereid
- Geitåstjørna v/Liereid
- Håvardsholm
- Førde
- Røykjenes
- Erve
- Bakken
- Våga
- Kvalvåg
- Kvalvågnes v/kryss
- Eilerås v/steinbrotet på nordsida
- Birkeland
- Sveio sentrum v/butikkssenter
- Lid
- Haukås
- Rød
- Fagerland v/kryss
- Auklandshamn
- Tjernagel
- Bua
- Sletto v/hyttefelt
- Nordskog v/gravplass
- Eltravågen
- Vikse v/Vikse skule

Tysnes

- Skorpo v/kryss
- Flakkvåg kai
- Espevik
- Onarheim v/kyrkja
- Årbakka v/butikk
- Nymark v/kryss Lunde
- Malkenes v/kryss
- Lunde senter
- Lunde kai
- Gjersvik v/kryss Godøysund
- Gjersvikskidet
- Godøysund
- Våge v/Esso
- Uggdal v/kryss Onarheim
- Uggdal v/Sæd
- Hålandsneset ved kryss til Amland
- Reksteren – Sunde kai
- Reksteren – kryss til Flygansvær
- Reksteren – Brattetveit v/møteplass
- Reksteren – Bruntheit v/kryss til kai
- Reksteren – v/skulen på Skår
- Reksteren – Hope v/kryss til Hopsund
- Reksteren – kryss til Kaldafoff
- Leite mot Neshamn
- Kryss til Flatråker kai



SIM sine renovasjons- og slamtømmegebyr

SIM har som målsetjing at alle hytteabonntar i kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes skal ha likt servicenivå og like renovasjons- og slamtømmegebyr.


Årsaka til at gebyra varierer, er at kommunane legg på SIM sine grunnprisar, for å dekkja sine egne kostnader med renovasjons- og slamtømmeordninga. Påslaget varierer frå kommune til kommune (sjå blå søyle). SIM sine grunnprisar er illustrert med brun søyle.

Gebyret skal uansett ikkje vera høgare enn at renovasjonsordninga går i balanse.


Gebyret skal dekkja:

- Innsamling og slutthandsaming av avfall
- Kjøp og vedlikehald av hyttekonteinrar
- Returpunkt for glas- og metallemballasje
- Miljøsentralar (ein del av kostnadene vert betalt ved levering av avfall)
- Administrasjon og informasjon

Renovasjonsgebyr for fritidsbustad i 2014 (i kr, inkl. mva):



Slamtømmegebyr for fritidsbustad i 2014 (i kr, inkl. mva):



OPNINGSTIDER MILJØSENTRALANE*

*Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

AUSTEVOLL, PORSDALEN

Torsdag kl. 10.00-18.00

Perioden 1. april-30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00-14.00

Perioden 1. okt.-31. mars:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

BØMLO, HOLLUNSDALEN

Måndag-torsdag kl. 12.00-18.00

FITJAR, SVARTASMOGET

Måndag kl. 10.00-18.00

KVINNHERAD, HUSNES INDUSTRIOMRÅDE

Måndag og torsdag kl. 13.00-18.00

Tysdag og fredag kl. 08.00-13.00

Perioden 1. april-30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00

Perioden 1. okt.-31. mars:

Første laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

STORD, HEIANE MILJØSENTRAL

Måndag-fredag kl. 10.00-18.00

Laurdag kl. 10.00-14.00

SVEIO, SVEIÅSEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00.

TYSNES, EREDALEN

Tysdag kl. 10.00-18.00

Perioden 1. april-30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00

Perioden 1. okt.-31. mars:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00



Duo til hjelp

Trine (t.v.) og Sissel i SIM sitt kundemottak svarar på spørsmål om hytterenovasjon. Kontakt dei på tlf. 53 45 78 50 eller send ein e-post til sim@sim.as



SIM

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Svartasmoget, N-5419 Fitjar
Telefon: 53 45 78 50
Telefaks: 53 45 78 60

E-post: sim@sim.as
Nettstad: www.sim.as

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM)
er avfallsselskap for kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes.